

## DEI MUSLIMSKE BRØRNE: KORT ERKLÆRING OM *SHURA* I ISLAM

'Mujaz 'an al-shura fi al-islam', *al-Sha'b* 19.mai 1994. Omsett av Bjørn Olav Utvik.

I *shura*-suren seier Gud, i det han klargjer eigenskapane til dei truande: "dem, som hører på Herren, forretter bønner, som løser sine anliggender ved rådslagning, som gir av det Vi har gitt dem".<sup>1</sup>

Dette verset inneheld eit påbod, nemleg at muslimane sine saker skal løysast ved rådslagning mellom dei. Dei skal rådføra seg med kvarandre i offentlege og private saker for å oppretthalda rettferd og gjennomføra det Gud har bestemt, for å realisera muslimane sine interesser, og slik at ikkje ein person eller ei lita gruppe skal monopolisera kontrollen over ting alle treng og som verkar inn på interessene til fleirtalet av det muslimske folket.

Dette vil seia at folket (*al-umma*) er kjelda til autoritet, og det er folket som utnemner den det har tillit til når det gjeld tru, pålitelighet, erfaring, kunnskap, evner og dyktighet. Folket utnemner denne personen til å ta seg av dei av folkets saker som folket definerer. Han skal så ta seg av dei med rettferd, dyktighet og omsorg.

Då Profeten døydde forsamla leiarane for stammar og klanar seg, dei som hadde emigrert frå Mekka, og dei muslimane som var frå Medina. Desse leiarane utgjorde representantane for det islamske folket (*al-umma al-islamiyya*) på den tida. Etter diskusjon og samtale valde dei Abu Bakr til å vera leiar for Koranens og Islams stat som Profeten hadde grunnlagd. Ingen av dei sa at leiarskapen skulle vinnast ved makt og sverd.

Leiarskapen blei overført frå Profetens hus til ein som ikkje var av Profetens hus. Slik var valet av Abu Bakr i samsvar med ønsket til fleirtalet av representantane for det islamske folket (*umma*) og dets ulike deler. Denne handlinga blei utført av følgjesveinane til Profeten, deriblant også dei som var lova Paradiset. Og om nokre av dei var noko seine med å sverja truskap (*bay'a*) til Abu Bakr, så var det ikkje fordi dei var usamde i framgangsmåten for å velja han men av andre grunnar. Og det gjekk berre ei kort tid før dei sverja eiden. Slik kom det til å rå nær konsensus.

Då Abu Bakr rådde til at Umar ibn al-Khattab skulle etterfølgja han som herskar, så var det ikkje dette rådet i seg sjølv som gav Umar retten til å vera kalif og leiar for den islamske staten. For saka blei framlagt for representantane for det islamske folket (*umma*) - leiarane for stammene og klanane blant muslimane frå Mekka og Medina. Då desse samtykte i Abu Bakrs råd ut frå si overtyding og av fri vilje vedtok at det skulle gjelda, så var den truskapseiden dei avla grunnlaget for at Umar kunne overta leiarskapen for den islamske staten.

Både Abu Bakr og Umar sa at dei var tenarar som muslimane hadde tilsett. Og ingen av dei hevda å ha nokon rett til kalifstillinga anna enn gjennom det at muslimane hadde vald dei. Begge begynte sitt styre med å seia at han var sett til å styra over muslimane, han var ikkje den beste av dei. Ingen av dei hevda å vera ufeilbarleg eller heva over muligheten for å gjera feil. Tvert imot gjentok begge stadig at dei var menneske som andre menneske, at dei gjorde rett og dei gjorde feil, og at einskildindivid i folket (*umma*) hadde rett til å retta på dei om dei gjorde feil, ja, til å korrigera deira avvik, om enn med sverd om saka kravde det.

Begge to minna folk ope på at det fanst grenser for lydnamen mot kalifen. Lydnaden galdt ikkje i ulydnad mot Gud og profeten, berre i iverksetjing av Guds bod og den islamske loven eller

---

<sup>1</sup> Gjengitt etter Einar Bergs norske omsetjing.

i verdsetjing av folkets (*nas*) beste innafor det Gud har tillate. For som Profeten sa finst det ingen lydnad mot ein skapning i ulydnad mot Skaparen.

Det islamske folket (*umma*) trur på å dyrka Gud aleine, helliggjør boda i Koranen og Sunnaen og trur at folk (*nas*) ikkje har rett til å styra anna enn ved det Gud har openberra og i pakt med den islamske loven. Derfor har ikkje folket (*umma*) rett til å setja den det vel til å rå for nokre av dets saker, anna enn innafor det som openberringa har tillate. Og det kan ikkje gi han fullmakter over saker det sjølv ikkje har rett over. Så om folket (*umma*) vel ein til å styra over nokre av dets saker, så har han å styra dei i pakt med truas bod, for trua er grunnlaget og herskaren er vektaren, og den som ikkje har eit grunnlag han blir rive ned, og den som ikkje har ein vektar han er fortapt.

Herskarane over Islams folk (*umma*) følgde etter kvarandre. Eit mindretal blant dei kom til makta etter folkas (*sha' b*) ønske og val, medan fleirtalet diverre kom til makta ved tyranni og makt. Trass i at nokre av herskarane velta seg i luksus og fjerna seg frå rettferd, og trass i at opprør spreidde seg og mange samfunn blei veike, så skjedde det ikkje at den islamske loven blei sett til side som trussetning, referanse og grunnlov. Og det skjedde ikkje at ein herskar tvang igjennom, eller at eitt av dei islamske folka (*sha' b*) valde, noko anna enn den islamske loven som generelt grunnlag og referanse. Inntil den islamske verda blei utsett for korstogskolonialismens epoke, kor imperialistane overfall henne og regjerte henne og tvang på henne sine lovar og prinsipp. Deretter følgde deira allierte og agentar i deira fotspor. Likevel seier vi for sant at det ikkje hendte at eit av folka (*sha' b*) i den islamske nasjonen (*umma*) valde ved sin sanne og frie vilje, eller sa seg tilfreds med, eit styre anna enn Guds styre eller ein annan lov enn Hans lov. Tvert imot kom det til, og kjem det til, oppstandar i den islamske nasjonens (*umma*) folk (*sha' b*) med krav om å venda tilbake til Guds styre (*hukm allah*) og Islams lov. Og det reine blodet vatna slagmarkene i kampen for å heva høgt Guds ord og Islams lov. Men tyranniet stod imot.

Vårt forbund blei oppretta for å slåst det som stod i vår makt for å bringa Guds styre tilbake til Islams folk (*sha' b*). Ut frå dette slår forbundet klart fast at folket (*al-umma*) er kjelda til politisk makt - ut frå den forståinga som framgår foran - og at det er folket (*al-sha' b*) som har retten til gjennom sitt frie [eigtl. "sanne" (*sahih*)] val å setja den det er tilfreds med trua, påliteligheten, kunnskapane (*'ilm*) og dyktigheten til, til å ivareta det folket (*sha' b*) definerer av statens saker. Vi ser det slik - med det i mente at Koranen og Sunnaen er den høgste grunnloven til muslimanes styre, som det ikkje går an å forbryta seg mot eller å akseptera noko som går på tvers av - at folket (*umma*) er nøydd til å ha ein skriven konstitusjon som det lagar og som det blir samd om. Vi må bygga denne konstitusjonen på dei klare tekstene i Loven, dernest på hans intensjonar og generelle prinsipp. Han må innehalda reglar som sikrar balanse mellom oppgåvene til dei ulike institusjonane som styrer staten, slik at ikkje nokre av dei kjem til å undertrykkja dei andre eller å monopolisera makta. [...] På same vis må han innehalda reglar som sikrar offentlege og private fridomar for alle - muslimar og ikkje-muslimar - og skapar eit styre i form av konsultasjon (*shura*) bygd på folkets (*umma*) makt (*sulta*). Han må klargjera dei styrandes ansvarlighet overfor folket (*sha' b*), korleis det kan førast rekning med dei, korleis ein kan korrigera feila og avvika deira på ein fredeleg og effektiv måte om dei kjem til kort, og korleis ein kan skifta dei ut om det er naudsynt. Alt dette krev at det må finnast ei representativ forsamling som har effektiv lovgivande og overvakande myndigheit, som uttrykkjer folkets (*sha' b*) verkelege vilje gjennom frie og reine val. Avgjerdene til ei slik forsamling må ha bindande kraft.

Vi meiner også - i betraktning av at leiaren for staten ikkje er noko anna enn ein tillitsmann for folket (*sha'ib*) - at presidentstillinga i staten må vera for ein avgrensa periode, og berre kunna fornyast for ein avgrensa periode, dette for å hindra tyranni.

Fordi det å fremja det gode og bekjempe det vonde (*al-amr bil-ma'ruf wal-nahy 'an al-munkar*) er eit krav som Islams lov fastslår, og fordi det å korrigera herskarane og gjera motstand mot dei og opponera mot nykkene og avvika deira er meir enn det eit individ kan klara, men krev at massar av folket (*umma*) kjem saman, og fordi det finst usemje om det som er gjenstand for tolking (*ijtihad*) av tekstane som ligg til grunn for Shari'a, og fordi organisering av det tillatne (*al-mubah*, dvs. saker der det ikkje gjeld eit klart påbod eller forbod frå Shari'as side) omfattar dei fleste sidene av det som angår folks (*nas*) liv, der det med nødvendighet vil vera forskjellar mellom ulike metodar for reform og regulering, så er usemje og pluralisme ein del av menneskas natur og eit klart faktum i livet som det ikkje går an å forneakta. Det som er forbode er innbyrdesstrid som fører til fiasko, svakhet og forfall. Medan meiningsbryting er ein variasjon og ein gjensidig komplettering av syn som ikkje kan unnverast for å klargjera kva som er rett og komma fram til det beste og mest samfunnsnyttige, særleg om dette blir knytt til toleranse, vidsyn og fråvær av fanatisme og trongsyn. Derfor trur vi på at det må vera eit fleirpartisystem i det islamske samfunnet, og på at det ikkje finst grunn til at styresmaktene frå si side skal setja vilkår for å danna parti eller foreiningar, eller for aktiviteten deira. Dei bør la kvar gruppe få erklæra kva dei går inn for og klargjera sine metodar. Så lenge den islamske loven er den høgste grunnloven, og er den loven som eit uavhengig og reinsleg rettsvesen anvender utan innblanding frå makthavarar eller interessegrupper - og rettsvesenet må vera kvalifisert intellektuelt, vitskapleg, kulturelt og med omsyn til kjennskap til *fiqh* - så er dette nok for å sikra samfunnets trygghet og at det held seg på den rette veg, og å sikra at dei nødvendige rettslege tiltak blir tatt overfor den som bryt dei grunnleggjande prinsipp som det ikkje er usemje om blant dei muslimske lærde og rettsekspertane og som blir ansett som grunnleggjande verdiar for samfunnet.

Vi meiner også at det å godta eit fleirpartisystem i det islamske samfunnet, slik vi har gjort greie for det her, vil sikra gjennomslag for prinsippet om rotasjon av makta mellom politiske parti og foreiningar, gjennom periodiske val.

Ære til Gud fyrst og sist, og må Gud velsigna og bevara Profeten, hans familie og hans følgjesveinar.